

St.prp. nr. 58

(2008–2009)

Nord-Jærenpakka – fullføring

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 3. april 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og bakgrunn

Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 14 (1998-99) har Stortinget gitt samtykke til bompeng einnkrevjing for delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på Nord-Jæren, jf. Innst. S. nr. 151 (1998-99). Innkrevjinga starta i april 2001, og i utgangspunktet var det lagt til grunn ein bompengeperiode på 10 år.

Gjennom den politiske behandlinga av Statens vegvesen sitt forslag til handlingsprogram/planleggingsprogram for perioden 2002-2011 blei det gitt tilslutning til prioriteringane innanfor Nord-Jærenpakken i perioden 2002-2005. Vidareføringa etter 2005 blei behandla i to trinn. Ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (2004-2005) ga Stortinget tilslutning til endringar i bompengeordninga. Bompengetakstane blei auka til 13 kr for lette køyretøy og 26 kr for tunge køyretøy. Vidare blei det lagt opp til kontinuerleg innkrevjing, dvs. heile døgnet og alle vekedagar. Gjennom den politiske behandlinga av Statens vegvesen sitt forslag til handlingsprogram for perioden 2006-2015, blei det gitt tilslutning til prioriteringane innanfor Nord-Jærenpakken i perioden 2006-2009.

Samanlikna med St.prp. nr. 14 har det vore ein vesentleg auke i den samla kostnadsramma for Nord-Jærenpakka. I St.prp. nr. 1 (2005-2006) blei den samla kostnadsramma for vegdelen i pakka vurdert til om lag 4,6 mrd. kr. Det var likevel understreka at det framleis var knytt stor uvisse til kostnadene fordi mange prosjekt og tiltak var på eit tidleg stadium i planlegginga. Bompengetakstane er

ikkje blitt justert i tråd med prisutviklinga sidan St.prp. nr. 1 (2004-2005) blei lagt fram. Netto bompengeinntekter i 2007 var 206 mill. kr.

2 Lokalpolitisk behandling

Etter at saka var tatt opp i styringsgruppa for Transportplan Jæren har Rogaland fylkeskommune lagt fram eit forslag til fullføring av Nord-Jærenpakka ved å auke inntektene fram til utløpet av 2011, jf. omtale i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019, side 163-165. Forslaget er utarbeidd i fleire alternativ der bompengetakstar og rabattar varierer. I alle alternativa er det lagt til grunn at ordninga med at trafikantane berre betalar for ei passering pr. time og 75 passeringar pr. månad blir oppretthalden. I høyringsforslaget var følgjande prosjekt og tiltak frå den opphavlege Nord-Jærenpakka omtalt som aktuelle å finansiere innanfor dei auka bompengeinntektene:

- *Rv 510 Solasplitten.* (50 mill. kr til finansiering av kostnadsauke) Prosjektet har ei lengd på 3,6 km og inngår i ei veglenke mellom E39, Stavanger lufthamn Sola og stamnetthavna i Risavika. Prosjektet er omtalt i St.prp. nr. 1 (2008-2009), side 100.
- *Kollektivfelt rv 44 og rv 509.* Aktuelle streknigar er rv 44 mellom Hillevåg og Vaulen og gjennom Forusområdet samt rv 509 fra Ragbakken mot Sunde/Hafrsfjord bru.
- *Rv 505 Foss-Eikeland bru* Prosjektet gjeld fjer-

ning av ein flaskehals som vil gi betre framkome til næringsområdet i Foss-Eikeland-/Orstadorområdet og gi auka trafikktryggleik.

- *Kryssutbetring rv 510 Sømmevågen vest.* Prosjektet inngår i same veglenke som Solasplitten og er viktig for framkoma både til Stavanger lufthamn Sola og til stamnetthavna i Risavika.

I tillegg inngår mindre investeringstiltak (bygging av gang- og sykkelvegar, trafikktryggleiks- og miljøtiltak).

Stavanger kommune støttar ein takstauke til høvesvis 25 kr for lette køyretøy og 50 kr for tunge køyretøy og maksimal rabatt på 40 pst. Gjesdal kommune tilrår at takstane blir auka til 20 kr/40 kr og maksimal rabatt 50 pst. Klepp kommune støttar ei fullføring av Nord-Jærenpakka utan å vise til noko spesielt alternativ. Randaberg kommune støttar primært at innkrevjinga blir endra til å omfatte drivstoffavgift, men kan støtte ein takstauke til 20 kr/40 kr og maksimal rabatt på 50 pst dersom bompengordninga blir utvida til å omfatte trafikk innanfor Stavanger kommune. Dette skal skje ved at talet på bomstasjonar blir auka for å dekke dei mest trafikkerte vegane. Time kommune seier nei til justering av takstane no. Før det eventuelt bør skje, meiner Time kommune at bompengordninga må utvidast til også å omfatte trafikk innanfor Stavanger kommune. Sandnes kommune ønskjer å halde fram med dagens takstar og rabattar ut den vedtekne perioden for Nord-Jærenpakka. Dersom det ikkje lukkast å finansiere alle prosjekta, meiner Sandnes kommune at dei attståande prosjekta må innarbeidast i ei Jærenpakke 2. Sola kommune støttar ikkje ein auke i bompengetakstene. Hå kommune ber om at takstane ikkje blir auka utover justeringar i tråd med konsumprisindeksen.

Fylkestinget i Rogaland behandla saka 10. desember 2008 og fatta følgjande vedtak:

1. *Bomtastene på Nord-Jæren økes til 20 kr for lette kjøretøyer og 50 kr for tunge kjøretøyer. Maksimal rabattsats settes til 40 pst. Rabattordningene med maksimaltak på 75 passeringer pr. måned og tmesregel opprettholdes.*
2. *De økte bompenginntektene skal gå til å fullføre Nord-Jæren pakke 1 med følgende prosjekter:*
 - *Kostnadsøkning Rv510 Solasplitten: 50 mill. kr.*
 - *Kollektivfelt Rv 44 og Rv 509: 370 mill. kr.*
 - *Rv505 Foss-Eikeland bru: 50 mill kr.*
 - *Gang-/sykkelveger, trafikkssikkerhets- og miljøtiltak: 50 mill kr*
 - *Kryssutbedring Rv510 vest i Sømmevågen: inntil 140 mill kr.*

3. *Fylkestinget ber om at det arbeides videre med å få til en løsning der dagpendlere kun må betale bompenger i den ene retningen samt at driften av bompengordningen effektiviseres ved å fjerne myntautomatene.*
4. *De prosjekter som er forutsatt realisert i Jærenpakke 1 men som ikke blir finansiert, forutsettes overført til en Jærenpakke 2.*
5. *Fylkestinget forutsetter at det i forbindelse med en Jærenpakke 2 søkes etablert et nytt system for ekstraordinær finansiering som oppfattes som mer rettferdig i forhold til de prosjekter som skal finansieres.*

3 Samferdselsdepartementet si vurdering

Samferdselsdepartementet viser til at høyringsforslaget presenterer fleire alternativ for fullføring av Nord-Jærenpakken. Kommunane er ikkje samde om opplegg, men ingen av dei har gått i mot at utbyggingstiltaka blir gjennomførte. Departementet sluttar seg til fylkestinget sitt vedtak. Etter Samferdselsdepartementet sitt syn må transportutfordringane på Jæren sjåast i ein regional samanheng på tvers av kommunegrensene. Det reviderte bompengepplet gjeld dessutan ein avgrensa periode på om lag 2½ år. Departementet legg til grunn at reviderte takstar og rabattordningar blir sett i verk så snart som mogleg etter at Stortinget har behandla saka.

Det er rekna med at endringane vil auke inntektene med om lag 160 mill. kr pr. år, dvs. med totalt om lag 400 mill. kr frå sommaren 2009 fram til utløpet av 2011.

Samferdselsdepartementet viser til at ikkje alle prosjekt og tiltak som er omtalt i pkt. 2 i fylkestingets vedtak kan finansierast innanfor opplegget for fullføring av Nord-Jærenpakka. I pkt. 4 i vedtaket legg fylkestinget til grunn at dei prosjekta som er føresett realiserte i Nord-Jærenpakka men som ikkje let seg finansiere, blir overførte til ei Jærenpakke 2.

Oppmodinga frå fylkestinget om ei anna løysing for dagpendlarar har blitt behandla i styret for Nord-Jæren Bompengeselskap AS. Styret uttrykker skepsis til ytterlegare fritaksordningar og viser til at dette vil medføre tapte inntekter og auka drifts- og administrasjonskostnader. Samferdselsdepartementet legg til grunn at det ikkje blir innført ei ny rabattordning for dagpendlarar no. Innkrevjinga for Nord-Jærenpakka blir vurdert automatisert gjennom ei forenkla automatisk løysing. Ved ei eventuell automatisering blir ordninga med «passerings-

tak» på 75 passeringar pr. månad og «timesregel» oppretthalden for dei som har Autopass-avtale. Spørsmål knytt til personvern som følge av ei slik eventuell automatisering vil bli handtert i tråd med dei prinsippa som er slått fast i St.meld nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019.

I St.prp. nr. 1 (2008-2009) er det lagt opp til å starte opp prosjektet rv 510 Solasplitten i 2009 under føresetnad av fullfinansiering. I St.prp. nr. 1 var kostnadsoverslaget førebels utrekna til om lag 480 mill. kr 2009-kr. Delar av kostnadene er føresett dekkja av lokale tilskot. Det var lagt til grunn lang kulvert gjennom Kristensberget og at meirkostnadene ut over kostnadene med kort kulvert skulle dekkast av Sola kommune. Sola kommunestyre har 12. mars 2009 fatta vedtak om å ikkje dekke meirkostnadene ved lang kulvert. Det er vidare lagt opp til å endre reguleringsplanen gjennom ny behandling i kommunestyret for å legge til rette for kort kulvert. Kostnadsoverslaget for kort kulvert er 419 mill. 2008-kr. Omrekna til 2009-prisnivå er kostnadsoverslaget 436 mill. kr. I fylkesrådmannen si saksframstilling om fullføring av Nord-Jærenpakka er Solasplitten prioritert høgast. Samferdselsdepartementet legg til grunn at Solasplitten er fullfinansiert i opplegget for fullføring av Nord-Jærenpakka. Det blir lagt opp til å starte førebuande arbeid i desember 2009, og prosjektet er venta opna for trafikk i 2012.

I november 2007 blei det bestemt at det skal gjennomførast ei konseptvalutgreiing for heile transportsystemet på Jæren med påfølgjande eks-

tern kvalitetssikring (KVU/KS1). Konseptvalutgreiinga, som etter planen blir slutført sommaren 2009, vil gi grunnlag for vidare planlegging og drøfting av finansieringsløysingar av større samferdselstiltak på Jæren, m.a. for det vidare arbeidet med utforming av Jærenpakke 2. I konseptvalutgreiinga blir det lagt stor vekt på å gjere greie for ulike alternativ for kollektivtilbod, og det blir m.a. vurdert å etablere ei bybane i Stavangerområdet. Prosjekta rv 44 Gandsfjordkryssinga og E39 Eiganestunnelen blir vurdert i arbeidet med ei Jærenpakke 2. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake til Jærenpakke 2 når nærere avklaringer ligg føre.

4 Avtale

Etter at Stortinget har gjort vedtak om fullføring av Nord-Jærenpakka vil Vegdirektoratet og bompengeselskapet inngå ein tilleggsavtale i tråd med føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om Nord-Jærenpakka – fullføring.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om Nord-Jærenpakka – fullføring i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om Nord-Jærenpakka – fullføring

I

Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får høve til å endre opplegget for bompengefinansiering i Nord-Jærenpakka. Vilkåra går fram av denne proposisjonen.

II

Samferdselsepartementet får fullmakt til å inngå ein tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.
